

"Vaare gamle losar"

Kristian Jubsen Ullahammer



Kristian Jubsen Ullahammer (1851-1917)
Oldefar til Ståle Aasebø

I Møre Bygdeblad, ei upolitisk avis som kom ut i Brattvåg, var det den 16. november 1933 ein artikkel i serien om "Vaare gamle losar". Denne utgåva skildra personen Kristian Jubsen Ullahammer:

Kristian Jubsen Ullahammer er fødd i Aalesund året 1850. Både bestefar hans og oldefar hans var losar. Oldemor hans er den kjende Gamle-Kari frå Brunvoll på Harøya. Ho er ætt-mor til ei stor slekt som er spreidd ut over heile Nordøyane, men mest på Harøy og Sandøy. Frå denne slekta ættar mange av våre gamle losar, og mange dugande sjøfolk. Far til Kristian, Jub Pedersen Brunvoll, var handelsmann. Han hadde si eiga jakt, kjøpte fisk, rogn og tran og tok turar til Bergen. Der kjøpte han med seg mjøl og andre varor, som han selde når han kom heimatt. I 1854 flytte han til Ullahammer i Haram, og busette seg der. Der held han fram med fiskehandel og vanleg butikkhandel. Jub Pedersen var ein klok og rettlinja kar, og ein dugande sjømann. Her ute med havkanten voks so Kristian Ullahammer opp, og tidleg synte det seg at hugen hans stod til sjøen.

Ullahammer var den tida eit av dei største fiskevær på Møre. Folk inne frå fjordane hadde rorbudene sine der ute, og dei nytta dei særleg i torskefisket. I torskefisket var det ogso

innkvartert 3-4 båtlag i mest kvart hus. Då Kristian var 17 år, fekk han seg hyre med ei jakt som ein Tonning frå Aalesund åtte. Dei dreiv kvitfiskfangst uppe ved Spitsbergen, og Tonning var sjølv med som fangstleidar. Dette fisket dreiv han i 3 år, og det var ofte eit hardt og slitsamt yrke.

Ein gong på heimtur fekk dei ein sterk orkan utanfor Frøya. Dei fekk segla øydelagde, og vinden var nord-vestleg so dei dreiv mot land. Havet var i eit einaste rok, og dei måtte kliva uppi riggen for å sjå over sjøfoket. Dei som er kjent, veit at fallgarden utafør Frøya er ein av dei fårlegaste stader på heile kysten, - mang ein sjømann hev vorte liggjande att der. - I siste liten, då skuta var koma snart upp under fallgarden, gjekk vinden om til sudvest, og dei fekk arbeida seg frå land att. Seinare når gamle Tonning tok seg turar heim frå Spania, spurde han alltid etter Kristian. Han sende ofte bod etter han for å få snakka med han.

Då Kristian var i 20-årsalderen, byrja han som loslærling med Ulla-losane Sjur-Hans og Ingeleiv-Guttorm. Der fekk han ein god skulegong, for desse mennene var kjende for å vera sjeldan dugande og flinke losar. Kristian hadde ei svær makt, og snarrådig var han når det røynde på. Ein gong han var med Sjur-Hans og Guttorm og siglde, fekk dei storm på heimvegen. Dei var 6 mann, og båten var ein open stor-treoring. Då dei kom inn til Håkall-søyla fekk dei ein sjø som fyllte båten heilt. Guttorm sat til rors, og han kom skyljande med sjøen fram etter båten. Ja no gutar er det inga von lenger, sa han. Dei hadde tvo store steinar i romet, og fyrr Guttorm hadde sagt orda frå seg, hadde Kristian teke steinane og kasta dei over bord. Båten letna so mykje at dei fekk gå i gang og lensa han. Alle var samde um at det denne gongen var Kristian si makt og snarrådighet som berga dei.

Då Kristian var 21 år tok han los-eksamen, og fekk losnummeret til Guttorm, som då hadde slutta på grunn av alderdomen. Den tida var det mest berre seglskutor, og det var mang ei spanande stund når dei i storm og myrke vinternatt skulde finna innseglinga og halde seg klar av båar og skjer. Ein av dei hardast turane han hadde var med barken "Riga" frå Horten. Det var midtvinters, - og han gjekk umbord utanfor Haramsøya. Vel umbordkomen sette det inn med storm frå vest med snøkave, og natta stod fyre. Sidan vart vinden meir

nord-vestleg, og det vart heilt orkan. Dei held det gåande med små segl, men ingen duk vilde stå, og det var vanskeleg å halda skuta under styring. Då dei trudde dei var på høgde med "Fugelen", innlaupet til Bua-djupet, våga dei ikkje styra mot land, men let det stå til for Grip i von um at kaven skulde letta. Um ikkje lang stunda braut det for baugen, men Kristian kjende brotet og tok sitt bestikk av det. Dei fann leia nordanfor Grip, og då det ljosna av dag kunde dei tørna for Kvithaug. Stormen var like frisk, og dei let gå båe jarna. Skuta låg berre og skolv, då dei tok fast, men alt held, og dei var berga. Brunstad - som seinare vart styrmann umbord i Søndmørske var og med denne gongen. Ofte seinare når han fortalde um denne turen, sa han at dei hadde berre Kristian å takka for at skuta ikkje forliste denne natta. På Ulla hadde folket misst all von. Dei tykte det var umogleg å koma vel frå det i slikt ver.

Ein gong var Kristian los umbord i den norske korvetten "Nornen". Den skulde til Trondheim i høve Oscar II si kryning. Det var frisk sunnanvind, og alt gjekk fint. Då skuta var i den vanlege fråstand frå hamna kommanderte Kristian å berga segl. Men det var raske orlogsgutar den tid. Det gjekk so fort at han måtte innstille, so skuta kunde ha nok segl til å koma på plass. "Nornen" var den tida ei velkjend skute, og ein sjeldan god siglar. Ho var den einaste som greidde kryssa upp Gibraltarstrætet i motstraum. Dei hadde mang ein hard tørn losane den tida. Ofte når dei skulde kryssa upp Trondheimsfjorden, var det storm - landvind og frostrøyk so det var uråd å sjå land fyr dei var uppe i brotet. Men med Kristian gjekk det alltid godt. Han hadde ikkje uheld heile tida medan han var los.

Kristian hadde makt for minst 3 mann, men han var fredsam og roleg, og likte ikkje syna seg fram utan når det rett røynde på. Ein gong i Aalesund - han var då vel 20 år - stod han saman med ein flokk karar inn på ein butikk. 3 mann held på å leggja upp eit sirupsfat. Det gjekk litt tregt med dei, og handelsmannen gav Kristian eit spitord fordi han ikkje tok i, han som var so sterk. Kristian bad dei gå til sides, og so tok han fatet handfritt og la det upp på disken. Men disken tolde ikkje tyngda og brotna saman.

Kristian dreiv ogso sildefiske. I den tida hadde dei ikkje spel å draga med so dei måtte bruka handekraft. Fleire gonger i eit par revs kuling, kunde Kristian draga inn kabelen heilt åleine. Han ordna seg godt fotfeste, løyste kabelen, og då seig

båten jamt og sikkert framover, like fort som mannskapet drog undan garn. Kristian var ein sjeldan roleg og sømeleg mann. Det var liksom ufred og uhyggje ikkje kunde trivast der han var. Dertil hadde han eit godt lag og eit ljost sinn.

Han var gift med Severine Pedersdotter Gjørundsæter, ei syster av Elias Sæter i Aalesund. I 1903 slutta han som los, og sonen, Sevrin Ullhammer, fekk losnummeret hans. Hausten 1917 døydde han, 67 år gammal.